



HAREID
KOMMUNE

SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOKA
til
Kommunestyret

frå møte den 10.03.2004

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 / 3044 - 206	Doknr.: 206
Mottatt: 19 APR 2004 ASE/UR	
Saksbeh.: IAA	Ark.: 482
Kopi:	Avskr.:

0022/04-K FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK AV 10.12.03. UTTALE

Arkivsaknr. Arkivkode L.nr./Sbh
04/00181 /V7/&00 002338/04/SSL


Formannskapet si tilråding samrøystes vedteken.

Samrøystes vedtak:

Hareid kommunestyre sluttar seg til uttalen som ligg føre i framlagde skriv.

Hareid, 14. april 2004

Rett utskrift:


Elsa Gjerde
sekr.

Utskrift sendt: ✓ Landbruksdepartementet, Postboks 8007 Dep, 0030 OSLO.



**HAREID
KOMMUNE**

FORMANNSKAPET

Møtedato: 10.03.2004

Utval	Saksnr.	Møtedato	Resultat
FSK	0043/04-K	10.03.2004	Samrøystes tilrådd

Sakshandsamar: Gunn Berit Gjerde

FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK AV 10.12.03. UTTALE

Arkivsaknr.: 04/00181 / Arkiv: /V7/&00 Løpenr.: 04/002213

Det vart lagt fram skriv - innregistrert 9.3.04 - frå Fremskrittspartiet v/Perny-Ann Nilsen.

Formannskapet si innstilling:

Hareid kommunestyre sluttar seg til uttalen som ligg føre i framlagde skriv.

Mappe ligg vel
på felurisk etat?

FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK av 10.12.03

HAREID KOMMUNE	
Løpnr. 002100/04	Saksbeh. GB67
09 MAR 2004	
Arkivkode P	V7 800
Ark. kode S	
Arkivkode S	

Ref
KST

§ 1 Lova tonar ned næringsvida av skogbruket, og fremmar i staden ~~denne~~ ^{dele} skogen, altså miljøaspektet. Ei meget uheldig vinkling ut ifrå eit skogbrukfagleg syn, Dette vil utan tvil svekke næringsinteressene i skogbruket. Ei slik formulering kan føre til at skogeigaren må påvise at alle andre interesser og verdier er tekne vare på før skogen kan nyttast som økonomisk ressurs.

Formålet med lova skal vel fortsatt vere å fremme skogproduksjon. Og at skogbruket gjennom rasjonell skjøtsel skal gje eit tilfredsstillande resultat, både for dei som utøver næringa, og at det skal sikre effektiv og jamn råstofftilførsel til industrien.

§ 3 Kommunane skal vere skogbrukstyresmakt i første instans. Største delen av lovsakene er altså delegert til kommunane for avgjerdsle. Dette vil føre til større ansvar og arbeidsmengde, og krav til fagleg kompetanse til sakshandsamarane i kommunane. Auka lokal handlingsfridom vil dermed føre til skjerpning av krav til det kommunale fagapparatet. Dette verkar rart når kompetansekravet no er fjerna, og ein vil nok i enkelte kommunar oppleve at det vert problem med å leve opp til forventningane.

§ 4 kan sjåast som eit skjult fredingsvedtak med heimel i skoglova, der det offentlege kan gå inn å verne/ frede skogområde utan å få økonomiske forpliktelsar ved båndlegginga. Dette bør fjernast. Poenget må vere at dersom det offentlege vil verne eit område til bruk for allmenta, skal dette kompenseras overfor eigaren.

§ 11 At det skal vere meldeplikt for hogst og alle tiltak knytt til fornying og stell av skog vil skape endå meir byråkrati. § seier at meldinga skal sendast kommunen seinast 3 – tre – veker før tiltak vert satt i verk, og tilbakemelding frå kommunen skal vere motteke før tiltaket vert utført.

Brudd på denne og også andre §§ i lova kan mellom anna føre til bøter eller fengsel i inntil 1 – eitt – år. Dette i tider då folk flest, politikarar og byråkratar snakkar høgt om at kulturlandskapet gror att.

Desse forslaga er derfor sterkt urovekkande og bør vurderast på nytt for nettopp å fremme både skogbruket her i landet, og at kulturlandskapet vert tatt i vare.

Perny-Ann Nilsen
Perny-Ann Nilsen

Fremskrittspartiet